



## Notat

Dato: 01.12.2016  
Arkivsak: 2014/14570-66  
Saksbehandlar: BEALIND1

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Oppfølging selskapskontroll Hardangerbrua AS og Fastlandssambandet Halsnøy AS

#### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet har bedt om svar på oppfølging av selskapskontroll i Hardangerbrua AS og Fastlandssambandet Halsnøy AS seinast i sak 134/16. Kontrollutvalet har handsama oppfølging av desse selskapskontrollane fleire gonger og det er mellom anna gjort slikt vedtak:**

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med nytt skriftleg svar på dei tre punkta i vedtaket innan 30.6.2016.

Denne saka inneheld svara på dei tre punkta i det opprinnelege vedtaket.

#### Svar på oppfølgingspunkt:

Eigarskapsforvaltninga i Hordaland fylkeskommune følgjer dei vedtekne strategiar og rutiner som følgjer av eigarskapsmeldingane samt øvrige vedtak som legg føringar på korleis eigarstyringa skal utøvast.

#### **I sak 17/2015 «Eigarskapsforvaltning – Styrerepresentasjon og kompetanse. Retningslinjer» fylkestinget i Hordaland fylkeskommune følgjande:**

1. I selskap der fylkeskommunen har aksjemajoriteten skal styret som hovudregel ha 5 medlemmer. Frå valperioden 2015 – 2019 skal styret i Hardangerbrua AS ha 3 medlemmer.
2. Fylkesutvalet har funksjonen som eigarorgan for fylkeskommunen sitt eigarskap i aksjeselskap.
3. Fylkestinget ønskjer at folkevalde framleis skal kunna veljast til styreverv i selskap, men det skal i større grad vurderast å gjera framlegg om eksterne kandidatar.
4. Fylkesrådmannen må leggja til rette for at det vert gitt relevant opplæring til styremedlemmer valde av fylkeskommunen og styremedlemene i selskap der fylkeskommunen har aksjemajoritet.
5. Fylkestinget vedtek *Retningslinjer for val av styrerepresentantar* og *Retningslinjer for utøving av vervet som styrerepresentant* slik dei kjem fram i saka.
6. Retningslinjene vert rullerte i 2. halvdel av valperioden.

**Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.**

Alle styrerepresentantar og folkevalde får no tilbod om obligatorisk opplæring i sentrale tema knytt til selskapsleiing og styrearbeid. Fyrste runde av opplæringa blei gjennomført som eit to dagars seminar i september 2016. Same seminar vil bli halde primo 2017 for dei som ikkje hadde høve til å delta på fyrste runde. Det vil og bli tilbod om opplæring i 2018 som ei oppfølging av det fyrste seminaret, slik retningslinene seier.

**Stille krav til selskapsstyret om å etablere styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.**

Det følgjer av vedtaket i fylkestinget i sak 17/2015 at det stillast krav til selskapsstyret i alle selskap om dette.

**Utarbeide retningsliner for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.**

Retningslinene er utarbeidd og vedtatt i fylkestinget i sak 17/2015 «Eigarskapsforvaltning – Styrerepresentasjon og kompetanse. Retningsliner»